

Elektronisk post

Frå: Kvam herad.

Til: Barne- og familiedepartementet

BARNE- OG FAMILIEDEF.	KLASS NR.
ARKIVNR. 330 00	
1. JAN 2005	
SAKSJETT	SIGN.
SAKSNR. 2004/04169	

— 473

Vår ref.: 04/2276-3

Arkiv: N-211

Dato: 12.01.2005

Samandrag av utsegn frå barnehagane sine samarbeidsutval.

Dette er eit samandrag frå desse utsegna og omtalar berre dei punkta som er nemnt av samarbeidsutvala. Forslaget som omhandlar førskulelærarar på avdelinga og leiar eller ei, tolkar nokre vil forringe den barnehagen me har i dag og at barnehagane vert ein "oppbevaringsplass". Mindre førskulelærarkompetanse og fleire born per førskulelærar iverksett for å oppnå full barnehagedekning og inntekter til å driva barnehagane, vil gå ut over kvaliteten og tryggleiken

Sjå elles vedlagt notat.

Med helsing frå

Kvam herad

Jorunn Øyen
Barnehagesjef

Notat.

- § 3 Barns rett til medverking er ein positiv til.
- § 16. Tilsyn og rettleiing. Eit utval finn det ynskjeleg at Fylkesmannen skal ha tilsyn, ikkje eigar sjølv.
- § 18. Leiing. Alle utvala går inn for alternativ B. Eit utval meiner ein i tillegg bør stilla krav om tilleggsutdanning i administrasjon og leiing.
- § 19. Barnehagen sitt personale elles. Eit utval går inn for alternativ A, medan dei andre går inn for alternativ B. Førskulelæruddanninga og tal pedagogar bør styrkjast heller enn at ein tek bort krav om førskulelærarkompetanse. Eit utval vil sette tal barn per førskulelærer på 14-18 barn over 3 år og 7-9 barn under 3 år som norm. Bemanninga skal bestå av førskulelærer, barne/ungdomsarbeidar og assistentar. Barnevernspedagog og sosionomar kan brukast for å styrkja personalgruppa, elles er førskulelærer viktige som ekstra tilsett.

Å oppretthalda god kvalitet i barnehagen bør / skal ikkje vera eit økonomisk spørsmål, men heller vera eit spørsmål om verdiar . Å læra og bidra til å formidla gode verdiar skapar godt klima i barnehagen. Dette vil igjen skape trivsel som igjen skapar moglegheit for læring og utvikling.

Krav til areal bør verta oppretthalde som i dag. Eit utval ser for seg at med nye lokale som vektlegg baser og ikkje avdelingar kan ein vera noko meir romsleg når det gjeld å ta inn ekstra barn ved behov.

Me vil slutte med punkt frå eit utval:

Me krev:

- at styrar skal ha førskuleutdanning
- at pedagogisk leiar skal ha førskuleutdanning
- at norma for pedagogtettleik aukast
- at føresegn gjeldande areal førast vidare

Fordi me vil

- at barna våre skal være trygge i barnehagen
- at barna våre skal få utfordringar tilpassa alder, utvikling og funksjonsnivå
- at barna våre skal utvikle sosial dugleik og forståing for andre menneske.
- at barna våre skal ha daglege mestringsopplevingar og utvikle ei positivt sjølvbilde
- at barn med ulike særskilde behov skal få den oppfølginga og støtta dei har behov for.